



Brannen sett frå lufta litt før klokka 12. (Foto: Per Korsvold, Fonnafly)

**Branntroppen frå Uskedalen rykte ut og var med og sløkte skogbrannen som braut ut etter at ei hytte hadde brunne ned i Teigadalen ovanfor Valen laurdag morgon ved 9.30-tida.**

Sløkkinga var stort sett unnagjort klokka 14.30 etter at eit skogsområde på 200 x 500 meter var svidd av. Det deltok også brannmannskap frå Husnes og Halsnøy i tillegg til friviljuge og eit spesialhelikopter vart rekvirert frå Rygge flystasjon etter at det viste seg å vera problematisk å få vatn inn i det vanskelege terrenget.

Helikopteret kom til staden ved 13-tida men det lukkast også etterkvart å få inn fleire kilometer med slangar i brannområdet slik at dei kunne angripa brannen med vatn.

Ein person som fekk skadar i eit fot under sløkkingsarbeidet vart frakta ut av ambulansepersonell, melder Kvinnheringen og innsida.no.